

Kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Gloppen III. 4 september 2024 Årgang 54

**PILEGRIMSVANDRING
FRÅ STIKLESTAD TIL
NIDAROS**

**Andakt
ved Fritz
Schjølberg**

MARTIN J OMMEDAL

Glimt frå eit rikt liv

**FRILUFTSGUDSTENESTE
DIMMA, STØYVASTØYLEN,
PRESTEGARDSHAGEN OG
TIN-CAMP**

SELJUMANNAMESSE

Kyrkjeblad for Gloppen

www.gloppen.kyrkja.no

Utgjeve av sokneråda i Breim, Gloppen og Hyen. Kjem ut minst 6 gongar i året på Sandane. Betaling etter ønske.

Bankkonto: 3710.15.85388
VIPPS: 554210

Redaksjon

Tore Myklebust
456 01 260
tore.myklebust@gloppen.kyrkja.no

Vidar Bjotveit
958 80 030
vidar.bjotveit@gloppen.kyrkja.no

Anders Rinde
99720238
anders.rinde@gmail.com

Marianne Bakketun Fjellestad
402 80 027
mbf@gloppen.kyrkja.no

Harald Aske, Gloppen sokn
970 24 915
harald.aske@enivest.net

Geir Liavåg Strand, Gloppen sokn
95191753
geir.liavag.strand@gmail.com

Inger Johanne Hafstad Gjengedal
Hyen sokn, 99169019
injohag@online.no

Distribusjonsansvarleg

Harald Aske
970 24 915
harald.aske@enivest.net

Korrektur

Rønnaug Ryssdal
950 72 392
ryssd@online.no

Grafisk design

Innholdspartner AS ved Bjørnar Aske
901 37 252
bjornar.aske@innholdspartner.no

Trykk

Printfarm, Øvre Årdal

Framsidedfoto

Foto av Harald Aske

Stoffrist neste utgåve

Frist for innlevering til nr. 5 er 20. september

4/24



Fellesskapsgudsteneste i TIN-campen.

INNHALD

FOR TANKE OG TRU

- 05 Andakt ved Fritz Schjølberg
- 06 Biskop Ragnhild Jepsen si preike under Seljumannamessa
- 08 Henning Rivedal om kyrkja
- 32 Min salme ved Oddvar Almenning
- 33 Spaltisten ved Morten Leirgul

DETTE VAR VI MED PÅ

- 08 Pilgrimsvandring frå Stiklestad til Nidaros
- 11 Seljumannamesse på Selje kloster
- 16 Gudsteneste i prestegardshagen
- 18 Friluftsgudstenester

LITT AV KVART

- 12 Årets konfirmantar
- 14 Minneord om Per Eikenes
- 26 Glimt frå eit rikt liv - Martin J. Ommedal
- 31 Johnn Hardang til Sandane

TRIVELEG TIDTRØYTE

- 22 Barnesider
- 30 Friske fråspark

Vil du støtte kyrkjebladet?

Bladpengar kan betalast til kontonummer
3710 15 85388. Du kan også betale via Vipps
til 554210. Hjarteleg takk!

EIN UVANLEG FIN OG VERDIG SOMMAR

Sommaren din er over og den fyrste haustmånaden har tatt til. Gud – «Han gyller himlens tak i gullsinober, han helsar oss med sommar i oktober»*, men det er inneaktivitet som blir normalen framover. Bladet du held i handa ber preg av mange gode treffpunkt gjennom sommaren. Felles pinsefeiring for kyrkjelydar i Gloppen, ulike friluftsgudstenester i heile kommunen og gudsteneste på Selja. Bilete kan tale meir enn ord, men utan ord blir også bileta fattige. Biskop Ragnhild sa i si preike på Selja: «På denne heilage staden kjenner vi på ein heilt særleg måte dette nærværet – nærvær av lys, av tru, av menneske som har vore her før. – Dei som søkte hit fordi lyset og angen av det heilage her var å finne. Dei som vitna og la att spor, så vi også kan finne dei, få gå i dei, og la lyset frå denne staden skine også i vårt liv. For det er Kristus som lyser i verda.»

Vi er heldige med å ha Selja så nær. Men enda nærare er våre heilage stadar der vi samlast til gudsteneste og andre arrangement. Oddvar Almanning seier i artikkelen «Min salme»: «Vi dreg pusten samtidig, finn rette tonen i lag, følger kvarandre og tek dei same orda i munnen samtidig. Saman vender vi oss til Gud i sams lovsong og tilbeding. Lyden av kyrkja, kyrkjelyden, er lyden av felles takk, tilbeding og tru.»

Innimellom alle flotte bilete og reportasjar frå sommarens aktivitetar kan du lese om ei uvanleg fin og verdig gravferd. Arne Eikenes skildrar ei gravferd i Sandane kyrkje. «Heile samlinga i kyrkja vart både vakker og rett. Ikkje mykje vart sagt, men alt



VIDAR BJOTVEIT

– både minneord, tale, song og musikk – innbaud til refleksjon.» Etter den gravferda og i dette nummeret står det 15 andre namn. 15 ulike stunder med avskjed. 15 nære familiar sørger over sine og har hatt folk ikring seg. Men om det er mange eller få i gravferda skjer det same: Vi minnast, vi ber, vi lyttar til Guds ord og vi syng. Vi dreg pusten samtidig og pusten av sorg samlast på heilag stad.

Ei av mine sommarbøker har vore «Den dagen Nils Vik døde» av Frode Grytten. Ei mild og stillfarande forteljing. Døden er med i boka, men det er livet som er poenget. Nils, ein ferjemann på fjorden, skildrar sine møte med ulike passasjerar. Kyrkjebladet du held i har bilete frå samlingar, forteljingar om livet på ulike vis. Festkledde konfirmantar, deltakarar på gudsteneste og menneske som viser liv. Vi treng fellesskapet! I sorg og i glede. Vi treng pusten frå kvarandre og til kvarandre. Også når livet blir møtt av høg sjø. Om hausten byr inn til inneaktivitet, la Kyrkjebladet utfordre deg til å bli med i samlingane i kyrkjelyden. Her kan utfordringa frå biskop Ragnhild si avslutning av preika få klinge gjennom hausten:

«Den enkle snekkaren frå Nasaret, han som sjølv gjekk fattig gjennom verda og møtte menneske med nettopp nåde og sanning; han som tala sant om menneskelivet hjå dei han møtte så det vart til nytt liv og ikkje til fordøming – hans kyrkje på jorda er det vi er sette til å vere del av. Han skal vi forkynne. Frå denne heilage staden tek vi med oss vitnemålet om trua på Den tre-einige Gud, og i tillit og tilbeding legg vi ut på våre livs hav, i trua på at båra tek oss heilt fram.»

* «Han gyller himlens tak i gullsinober». Jan Inge Sørbø





Fritz Schjølberg

Ta vare på nådetegna og løft blikket ditt

Å LØFTE BLIKKET

I mange år har jeg brukt vegen fra Føleide til Dimma som treningsområde. For ei tid tilbake møtte jeg på duer. De letta foran meg og fløy mot himmelen og åpningen skogsveien laget lengre framme. Jeg løftet blikket, fulgte duene med øynene og ble samtidig kviskret i øret: – Fritz, løft blikket. Jeg er med deg. Søk det som er der oppe. Ikke gjør som Kain, han som stirret ned for seg, eller som Lots hustru, hun som så seg tilbake. Gi slipp på bekymringene dine. Jeg kommer deg i møte fra fremtiden. Du er elsket, tilgitt, sett og løftet. Lev i det nye. –

Den siste gangen duene letta i denne perioden var jeg på veg ned fra Dimma og mot Føleide. Ut mot det åpne rommet så jeg Eikeneshesten, Gjegnen og Hyeneshesten mot blå himmel og duer som flaug mot lyset. Ordene lot ikke vente på seg: – Lev det nye livet. Akt deg som død for synden, men levende for Gud i Kristus Jesus. Løft øynene, se deg omkring. Kom nærmere meg. –

GI MEG ET TEGN SOM VARSLER GODT

Den hellige ånd møter oss på så mange forskjellige måter gjennom hverdagen. Kanskje små, ubetydelige ting for mange, men for dem som regner med at Jesus er overalt og hos alle mennesker, kjennes det som ei berøring fra en kjærlig Gud.

– Et smil, latteren fra barnemunn, et dikt på radioen, ei hyggelig melding på telefonen, en opplevelse i naturen, ord i avisa eller fra Bibelen, en andakt i kirka, et fellesskap rundt nattverdsbordet. Nådevink fra den usynlige verden. «Helt til dere blir gamle og håret gråner er jeg den samme. Jeg har båret dere og vil fortsette å bære dere.»

*«Som vinden stryker mine kinn,
slik er Den hellig' åndens vind,
han strømmer rundt meg, alltid nær,
han hjelper meg å leve her.»*

*Lik lufta som eg andar inn,
slik er han, Heilagandens vind.
Han fyller kvart eit andedrag
og gir meg krefter dag for dag.»*

TA VARE PÅ NÅDETEGNA

For et par år siden kjørte jeg ca. 180 mil hver veg til Tromsø. Kona mi og jeg leste fra andaktsboka for reisedagen min, 4. juli 2022:

«Intet ondt skal ramme deg, og ingen plage skal komme nær til ditt telt. For han skal gi sine engler befaling om deg, at de skal bevare deg på alle dine veier.»

Da jeg etter ferien, og etter over 360 mil på norske veier, sto velberga på kjøkkenet hjemme, måtte jeg ty til gledestårene og takke for ordet vi hadde fått fra Han som har all makt til å virkeliggjøre løftene sine i konkret omsorg.

Kanskje mange med meg synes det er fint å stoppe ved ei kirke langs vegen, rusle rundt på kirkegården, lese på gravstøttene, eller få med seg ei gudstjeneste. På reisesøndagen i 2022 var det koronatid og stengte kirker både i Korgen og Mo i Rana.

På radiogudstjenesten i bilen sa presten ei setning som brennte seg fast: «Til deg som ber om tilgivelse, jeg har en hilsen til deg fra Jesus. Du er tilgitt.» Der og da var det en gladnyhet jeg trengte å høre. Nådetegnet og skulderklippet fra den Usynlige, men levende Jesus, kom gjennom et ord i radioen og har fulgt meg siden.

Til deg som leser disse linjene: Ta vare på de nådevink du også får. Øv deg i å tro at de er skreddersydd nettopp for deg og gitt fra Han som våker over alt som angår deg.

LØFT BLIKKET MOT JESUS, HAN TRENGER DEG

Årets verdensdag for psykisk helse i 2022 hadde overskrifta «Løft blikket». Se opp og rundt deg. Se mulighetene til å bety en forskjell i heim, på arbeidsplass, i fritid, menighet eller nabolag. Når du trenger noen som kan hjelpe deg, vit at også noen trenger deg. Ingen er bare det du ser, og det er viktig at noen ser det!

LØFT BLIKKET MOT JESUS, DU TRENGER HAN

Til Abraham sier Gud: «Løft blikket og se deg omkring fra det stedet der du står, mot nord og sør, mot øst og vest. For hele

det landet du ser vil jeg gi deg og din ætt for alltid.»

Det samme sier han til oss: Løft blikket ditt. La ikke bekymringene og vanskene være midtpunktet i livet. Betro dem heller til meg, den usynlige hjelperen.

HVA LEGGER VI PÅ HJERTET VÅRT?

Hvilket hjertefokus velger du for høsten 2024? Hva vil du holde fast på? For min del velger jeg dette:

Ta vare på nådevinkene. Feste blikket mitt på Jesus og øve meg i å tro at Han

med evig kjærlighet har elsket meg. Spre denne gladnyheten til andre.

Biskopen si preike under Seljumannamessa

BISKOP RAGNHILD JEPSEN

Matt 16,13-20: Då Jesus kom til bygdene ved Cæsarea Filippi, spurde han læresveinane sine: «Kven seier folk at Menneskesonen er?» Dei svara: «Somme seier døyparen Johannes, andre Elia og atter andre Jeremia eller ein annan av profetane.» «Og de», spurde han, «kven seier de at eg er?» Då svara Simon Peter: «Du er Messias, den levande Guds Son.» Jesus tok til orde og sa: «Sæl er du, Simon, son til Jona. For dette har ikkje kjøt og blod openberra for deg, men Far min i himmelen. Og det seier eg deg: Du er Peter, og på dette fjellet vil eg byggja mi kyrkje, og dødsrikeportane skal ikkje få makt over henne. Eg vil gje deg nøklane til himmelriket; det du bind på jorda, skal vera bunde i himmelen, og det du løyser på jorda, skal vera løyst i himmelen.» Så forbaud han læresveinane strengt å seia til nokon at han var Messias.

På denne heilage staden kjenner vi på ein heilt særleg måte dette nærværet – nærvær av lys, av tru, av menneske som har vore

her før. – Dei som søkte hit fordi lyset og angelen av det heilage her var å finne. Dei som vitna og la att spor, så vi også kan finne dei, få gå i dei, og la lyset frå denne staden skine også i vårt liv. For det er Kristus som lyser i verda. Det er Kristus som gjev lys til vårt liv og vår tru. Eg ser Sunniva for meg slik ho er framstilt i kyrkjekunsten, i bøker, i menneskes hjarte: Med steinblokka i hendene, klippa frå berget som fall ned og gav vern – heilt inn i døden; den som er blitt sjølv merket på tru og tillit. På denne dagen er steinblokka, – klippa, det som bind vår feiring på Selja saman med bibelteksten om Peter, som av Jesus blir tiltrudd å bygge kyrkje på jorda; han som fekk namnet Kefas, det betyr nettopp “klippe”, – på den Jesus ville bygge si kyrkje. For det Sunniva held i hendene, er Kyrkja, Jesus Kristus mellom oss. Det er den klippa som vi skal bygge vårt liv på – vår tru, vår tvil, vår angst og vår glede. – Jesu kjærleik som gjev vern og fellesskap, heilt inn i døden.

Til alle tider og på denne dagen har kyrkja kalla menneske til å tene Evangeliet. Og nokre mellom oss til å tene på ein særleg måte, som medarbeidarar med eit kall til å forkynne og slik gjere Jesus Kristus tydeleg og synleg i verda. Ikkje fordi nokon var sterkare og skulle få meir makt. Nei, heller tvert om. Fordi Kyrkja må tale sant om heile menneskelivet, med glede og smerte, med autoritet og svakheit, blir det så tydeleg at vi må tenke mangfaldig om fellesskapet: Vi må vere eit fargerikt fellesskap – og med ulike tenesteoppgåver. Våre vitnemål er ulike. For viss ikkje vi speglar eit sant mangfald, er Kyrkja vår heller ikkje sann.

Men det var eit stort ansvar Jesus la på Peter den dagen ved Cæsarea Filippi. Som ei husfrue som har oversikt og mynde over garden og hushaldet og ber nøklane i beltet som teikn og tilgang, får også historias første kyrkjeleiar – vi kan vel kalle Peter det – tilgang til makt og mynde. Gud stolar på menneska. Difor får Peter biletleg tala



nøkkelknippet til hushaldet i handa. Han kan opne, han kan lukke. Han kan be inn. Han kan stengje ute. Det er eit stort ansvar å bere. Jesus byr sine etterfølgjarar på jorda å bygge kyrkje. Difor er vi her i dag. Difor takkar vi og bed for den verdsvide kyrkja, om at ho skal bere vitnemål om at vi er eitt i Kristus; at det må vere vår lengt og vårt oppdrag. Og vi må håpe at vi ein dag får bere eit fullt og sant vitnemål om det. Husfrua på garden skal forvalte det som skal fordelast, foreldast og formidlast, og slik sørge for alle som er gjeve henne å bere ansvar for. Det er også oppdraget som er gjeve Guds kyrkje på jorda. Ansvar er stort og bør ligge tungt på oss som til ei kvar tid har ansvar for å bere nøkkelknippet i beltet. Det er nok av såre og vonde forteljingar om dei som er utestengde på grunn av menneskemakt, og ikkje fordi dei vende ryggen til evangeliet. Difor blir vi denne dagen minna om at vi alltid må spørje oss sjølv: Er kyrkja vår sann? Forvaltar vi evangeliet på rette måten? Maktar vi å gje Guds miskunn vidare til menneske i dag? Og så: Korleis gjev vi kallet vidare? For nokon må gå. Nokon må ta på seg å forkynne og formidle. Nokon må seie seg villig så dei kan få overgjeve nøklane. Har vi som til no har hatt oppgåva, forvalta det på ein truverdig måte så dei som kjem etter vil gå inn i slik teneste? Det er ransakande spørsmål vi må stille oss og vere ærlege om. Kva betyr det for oss i den tida vi lever i at vi kan opne og stenge, løyse og binde?

Apostlane hadde eit særleg kall. Dei brukte all si tid og sine krefter til å openberre for oss sanninga om Jesus Kristus. Ja, alle så nær som ein av dei, Johannes, gav dei livet sitt for evangeliet om Jesus. Dei døyde som martyrar. Heilt til vårt land kom budskapen deira og forteljingane om dei som først gjekk med den. Ja, til denne særlege staden, til grunnen under føtene våre, kom den – med menneske som i tru og tillit ville vere her og be – fordi forteljinga om lyset og angen, om tilliten og trua, liksom drog dei til seg og fekk leve og verke her. Hit kom dei som gav seg havet i vald for å unngå denne verdas brottsjor. Som hadde som vitne og førebilete dei i vår forteljing som før hadde teke krossen sin opp, følgd Jesus og sagt nei til seg sjølv; Sunniva og Olav. Og som også kan vere våre førebilete for vegen til tillit og overgjeving; til å bere kallet om å vitne, og gje det vidare.

Det er på same tid trusstyrkande og svimlande å tenke på at det i tusen år har vore feira messe til minne om desse som kom hit; som her fann eit lys, som bygde kyrkje og som vitna om Kristus. Det er rett at vi i dette jubileumsåret stansar opp og takkar. Men også at vi spør oss kva dette har gjort med oss som folk, som nasjon og kva det betyr for oss i dag at vi har eit tusenårig nærvær som vi bygger vår kyrkje og våre fellesskap på; – at det har vore rammer om vår livsførsel av gudsteneste og heilagdag, av åndelig kvile og næring. Vi må ikkje miste det! Tusen år med Kristus-nærvær må då gjere

noko med oss og merkesteinane våre, verdi-ane vi bygger på, kva vi vil ha med oss vidare som fundament i eit livssynsoppe samfunn tufta på vår kristenhumanistiske arv. Det er rett – og godt – å finne spor, ja nokre gonger meir enn det også, av Evangeliet mellom oss. Og å sjå korleis miskunn, sanning, rettferd og fred ikkje er parkerte omgrep, men dugleikar vi er saman om, som vi verdset og omset i praksis i alle dagar, ikkje berre i helg og høgtid.

På denne dagen lyfter vi fram særleg ein av dugleikane som må vere levande mellom oss i eit samfunn og i ei tid som stiller så store krav til oss. Vi lengtar etter miskunn. Verda treng miskunn! Der har vi ikkje minst fått i oppdrag å bruke nøklane til å låse opp! Når vi maktar å opne oss for vår søster eller bror. Når vi legg vårt liv i kvarandres hender. Når små umerkelege svik blir avdekkja og tilgjevne. Når ein har trødd feil, og på nytt blir innlema i fellesskapet. Når vi anerkjenner og verdset ulikskap i funksjonar, heller enn prestasjonar. Med Guds skaparsmil lagt ned i oss, har også vi fått den store gåva at vi kan vise kvarandre miskunn. Miskunn mellom menneske er like avgjerande for å verkeleggjere Evangeliet, som at vi trur oss tilgjevne av Gud. Apostlane gjekk ut i verda med tillit til at Gud openberrar seg mellom oss i Jesus Kristus. Den enkle snekkaren frå Nasaret, han som sjølv gjekk fattig gjennom verda og møtte menneske med nettopp nåde og sanning; han som tala sant om menneskelivet hjå dei han møtte så det vart til nytt liv og ikkje til fordøming – hans kyrkje på jorda er det vi er sette til å vere del av. Han skal vi forkynne. Frå denne heilage staden tek vi med oss vitnemålet om trua på Den treeinige Gud, og i tillit og tilbeding legg vi ut på våre livs hav, i trua på at båra tek oss heilt fram. Og gjev vår ære til Faderen, Sonen og Den heilage Ande, vår Skapar, Frigjerar og Livgjevvar, som var og er og vere skal éin sann Gud frå æve og til æve. Amen.

Pilegrimstur frå Stiklestad til Nidaros

AV GEIR LIAVÅG STRAND OG SIV KRISTINE SOLA STRAND

Siste veka av juni gjennomførte vi pilegrimsvandring frå Stiklestad til Nidaros.

Vi gjekk St. Olavsleia frå Stiklestad via ytre leia til Nidaros. Ytre leia går langs Trondheimsfjorden. Turen tek fem dagar, og dagsetappane er på 20–24 km. Siste etappen går sjøvegen med pilegrimsbåten frå Tautra til Trondheim.

Vi kom til Stiklestad søndag ettermiddag. Rundt det nasjonale kultursenteret er fleire historiske stader, som Olavshaugen og Stiklestad kyrkje frå 1180. Ramma var veldig fin og passa godt til starten på ei pilegrimsvandring. Vi fekk friska opp historia om slaget, underet og kor viktig desse hendingane var for utbreiinga av kristendomen i Noreg.


Pilegrimsvandringa vår starta måndags morgon, og vi gjekk stort sett på små bygdevegar og stiar fram til Munkeby klosterruin og vidare til overnattingsstaden Munkeby Herberge i Levanger. Det var ein varm og fin dag, og vi møtte ikkje så mange andre pilegrimar undervegs. Tysdag gjekk vi vidare frå Munkeby til Laberget leirsted i Skogn. Vandringa gjekk på asfalt langs trafikkerte bilvegar i solsteiken. På slutten av dagsetappen besøkte vi Alstadhaug kyrkje i Skogn, ei steinkyrkje frå 1180. Her var det open kyrkje, eit kjøleg kyrkjerom, kaldt vatn til drikkeflaske og sjanse til eit toalettbesøk. Vi nytta

høvet til ei stille stund og tende kvart vårt lys i lysgloben i kyrkja. Vi vandra så vidare dei siste kilometrane til overnattingsstaden på Laberget. Denne dagen møtte vi to svenske pilegrimar, Maria og Annika, som gjekk same leia som oss. Vi kom i snakk. Onsdagen vart også ein varm asfalt-dag. Vi gjekk i solsteika frå Skogn til Frosta og hadde nok med oss

sjølve. På føremiddagen gjekk vi gjennom Falstadskogen og friska opp kunnskapen om det forferdelege som hende her under krigen. Meir enn 200 fangar vart avretta av tyskarane her. Fleire enn førti av desse var norske, men hovudtyngda av offera var frå Sovjetunionen og Jugoslavia. Vi gjekk vidare til Hellberg herberge der vi overnatta. Her treffe vi att dei to svenske



Tautra før avreise - frå venstre Maria Nikolajeva, Annika Hellman, Siv og Geir. Foto av ein belgisk pilegrim.



Pilegrimspass. Foto: Geir Liavåg Strand.

pilegrimane og vart betre kjende med dei. Dei heitte Annika og Maria, og begge bur i Stockholm. For to år sidan gjekk dei saman 'El Camino', pilegrimsvegen fram til katedralen i Santiago de Compostela i Nord-Spania. Her ligg etter tradisjonen

relikviar etter apostelen Jakob. No var Nidaros målet deira. Fjerde dagen gjekk vi til Tautra, der vi overnatta i Klostergaard. Turen gjekk på ein flott sti langs kysten. Femte dagen tok vi pilegrimsbåten frå Tautra til Trondheim og gjekk via Nidarosdomen til Nidaros pilegrimssenter der vandringsen slutta.

Å legge ut på pilegrimsreise er kjent frå dei aller fleste religionar. Menneske har til alle tider søkt etter røtene sine, ein nærleik til det evige og det heilage. Den kristne pilegrimstradisjonen har røter tilbake til Kyrkja si første tid. Dei første kristne var opptekne av å besøke dei stadane der Jesus hadde vore, som Jerusalem og Betlehem. Kyrkja fekk etter kvart mange martyrar som vart helgenkåra. Det vart viktig for dei kristne å besøke gravene til helgenane for å kome nær det heilage og å be om helgenen si forbøn, søke trøyst, helsebot og tilgjeving. Luther forbaud alle former for pilegrimsvand-

ring, og frå 1537 vart pilegrimsvandring forbode i Noreg. Først på 1980-talet starta det å dukke opp protestantiske pilegrimmar til Nidaros. Den romersk-katolske kyrkja og dei ortodokse kyrkjene har ein ubrotten pilegrimstradisjon tilbake til Kyrkja si første tid.

I dag har også den norske kyrkja lagt til rette for pilegrimsvandringar. Pilegrimsleia, St. Olavsvegane til Trondheim, er merka med St. Olavsvegans logo i Noreg, Danmark og Sverige. Alle desse vegane fører til Nidaros. Vegane er merka, og du kan gå dei på eiga hand, med vener eller som organiserte turar. Vegane har eigne namn. Til dømes Gudbrandsdalsleia frå Oslo til Nidaros, Kystpilegrimsleia frå Egersund til Nidaros via Kinn og Selja, og St. Olavsleia frå Selånger (Sundsvall) via Stiklestad til Nidaros. Pilegrimane har med pilegrimspass. Dette vert stempla på viktige stader du er innom på vegane. Dette er ofte stader av religiøs betydning der



Eit stykke att å gå.

Foto: Geir Liavåg Strand.

du både lærer og får tid til ei stille stund. Du kan gå så mange og så få etappar som du ønskjer. Du kan starte kvar du vil. Der- som du går dei siste 100 km til Nidaros får du Olavs brevet.

Nokon ser på pilegrimsvandring som ein spirituell praksis der du blir betre kjend med deg sjølv, søker det heilage og roar ned og ikkje minst torer å prøve noko nytt og utfordre deg sjølv. Kanskje dette er noko du også kan ta med deg i kvardagen. Start vandringa med ope sinn og ikkje for detaljerte planar, så ser du kva du møter på din veg.

Vi valde pilegrimsvandring for å prøve noko nytt og for å utfordre oss sjølve til fysisk aktivitet. I ånda til dei første kristne valde vi pilegrimsmålet Nidarosdomen, der leivningane etter Olav den heilage vart oppbevarte i Olavsskrinet ved høgalteret fram til reformasjonen i 1537, og dit kristne i 1000 år har valfarta. Vi ville prøve å kvalifisere oss til Olavs brevet, og valde difor ei samanhengande vandring på fem dagar. Vi prøvde å gå jamt og var på vegen mellom sju og åtte timar kvar dag. Vi kopla oss av nettbrett og pc. Vi fekk tid og ro til å tenke, og sjølv om ingen av oss var spesielt godt trenar, greidde vi å fullføre dagsetappane. Det er utruleg kva kroppen får til. Vi fekk nye pilegrimsvener og fekk oppleve verda i sakte fart desse dagane. Vi hadde ein strevsam, men kjekk tur. Vi oppfordrar alle til å prøve å gå pilegrim. Vårt mål var Nidaros og Olavs brevet, og vi nådde målet vårt. Du finn alltid ein tur som passar deg. Kvifor ikkje starte med kystpilegrimsleia frå Kinn til Selja eller engasjere deg i pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva som arbeider med å fremje denne delen av kystpilegrimsleia?

God tur!

Framme ved Nidarosdomen.

Foto: Maria Nikolajeva



KJELDER OG NYTTIGE LENKER:

Pilegrimsleia: <https://pilegrimsleden.no/>

Pilegrimsleia – Historie: <https://pilegrimsleden.no/historie>

Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva: <https://www.pilegrimsfellesskapet.no/pilegrimsfellesskapet-sta-sunniva/>

Nordic Pilgrim: <https://www.nordicpilgrim.com/>

Pilegrimsfellesskapet St. Jakob: <https://www.pilegrim.no/>

Seljumannamesse på Selja kloster

TEKST OG FOTO: HARALD ASKE

Det var lagt opp til eit stort og omfattande program i samband med 1000-årsjubileet. Her skal vi konsentrere oss om gudstenesta søndag 7. juli og biskop Ragnhild Jepsen si tale i klosterruinane. Litt over 200 menneske hadde teke turen over til øya, og veret var lagleg utan nedbør, men litt kaldt for nokon.

Klokka i tårnet kalla til samling, og ein inngangsprosesjon med biskopar, prostar og prestar og andre kyrkjeleg tilsette tok plass på podiet. Leiaren i Seljumannamessekomitéen, Gunn Helgesen, ynskte alle velkomne til klosteret og til gudstenesta.

For å setje gudstenesta inn i sin rette samanheng, var det teke med eit utdrag av historia om Sunniva i programheftet:

«Legenda fortel at Sunniva og Seljemennene kom hit til Selja. Knapt 1000 år etter Jesu fødsel var den unge Sunniva blitt dronning på Irlands grøne øy. Ho var gudfryktig og vakker. Ein vikingkonge herja landet og ville tvinge henne til ekteskap.

Men ho ville ikkje fornekte trua. Difor flykta ho saman med dei som ville fylgje henne.

Dei drog – utan segl, årar og ror og let seg føre – slik Herren ville – av straum og vind over havet. Slik kom dei til Selja. Dei slo seg til her, men folk på fastlandet var usikre på dei framande og meinte det var tjuvar. Så sende dei bod til Håkon jarl, og han kom for å ta henne av dage. Sunniva søkte ly under Mikalshellaren og bad om å få sleppe unna. Då rasa fjellet ut, og stei-

nane stengde for hola. Jarlen kunne ikkje finne nokon, verken Sunniva eller andre, og måtte fare tomhendt bort. Seinare vis-

te det seg eit underleg lys over øya. Olav Tryggvason, som var blitt konge, fekk vite det og kom saman med biskopen til øya



Klosterbåten sytte for skyss, ein tur til Bø og to turar heilt ut til klosteret.



Gunn Helgesen er leiar for Seljumannamessekomitéen. Her ynskjer ho alle velkomne og gir praktiske opplysningar.



Ei blåsargruppe spelte til salmane, men dei hadde også egne nummer under gudstenesta. Jan Inge Sigerland dirigerte.



Der var fleire stasjonar der ein kunne få del i nattverden. Biskopen delte ut nattverd til ein ungdom saman med Tore Myklebust. Foto: Unni Lundgren.

i det Herrens år 996. Dei fann Sunniva død, men heil og uskadd. Dei la henne i eit heilagt skrin og bygde den fyrste kyrkja på Selja. Slik vart Mikalshellaren til Sunnivahola – «livmora som fødte kyrkja i Noreg» (A. Bakken).

Svært fine salmar var plukka ut, og med god støtte frå ein blåsesekstett og eit prosjektkor lydde salmesongen høgt og fritt i den litt kjølege sommardagen. Du finn dei i salmeboka: Du far og Herre, du som rår. Hen over jord et pilgrimstog. Du er

mi øy i havet, Gud. Guds kirkes grunnvoll ene. Du opnar, vår evige Fader. Og sluttsalmen, skriven av Eyvind Skeie, ikkje med i salmeboka: Havets dyp og fjellets tyngde kjenner du, vår Gud og Far.



Korgruppa med Anders Rinde i spissen på veg ut.

Biskop Ragnhild Jepsen og dei andre geistlege i prosesjon ut av klostergarden.



I Selje sentrum står det ei fin statue av St. Sunniva.



Kyrkja er ein friplass

VED HENNING RIVEDAL

Eg ser på kyrkja som ein gammal ven. Eg ser henne ikkje så ofte, men når me møtest, er det som når gamle vener møtest; gjensynsgleda er stor! Kyrkja er ein friplass der eg kan velje om eg vil koma eller la vera. I så måte har ho ei god høgd under taket.

Men viss det verkeleg gjeld og det verkeleg er bruk for meg, då stiller eg – og mange med meg.

På mange måtar er eg ei sosialdemokratisk sjel: Kyrkja er det offisielle gudshuset for oss alle. Der veit me at me har vår plass for dåp, konfirmasjon, giftarmål og gravferd. I tillegg til gudstenester, konsertar og anna som måtte bli arrangert der. Kristendomen lever i oss og rundt oss i kvardag og helg, same kvar vi er og er fundamentet i kulturen vår.

Eg vaks opp i ein storfamilie, som den eldste av seks sysken. Me budde i huset til besteforeldra mine, som då dreiv garden. Oldemor mi, Gamlebesta, budde i kleven. Ho var eit menneske med sterk gudstru. Eg var mykje hjå henne, men var nok meir på linje med far min når det kom til kristendomsforståing. Han heldt med biskop Schjelderup i den store helvetesdebatten på 50-talet. Oldebesta heldt seg til Hallesby, som i ei radiopreike sa at om dei uomvende døydde, så stupte dei lukt ned i helvetet. Mor mi var meir ein gladkristen. Ho elska song og kom frå ein musikalsk familie. Ifølgje henne var Jesus den snillaste mannen du kunne tenkja deg, og han ville tilgje viss du angra det galne du hadde gjort. Far min var meir ein rabagast med andre interesser. Men også han var utruleg musikalsk – ein kunne nesten gje han kva instrument som helst og han spelte.

Slik møtte eg kristen tru på ulikt vis hei-

me og dessutan på regelmessige indremisjonsmøte og på søndagsskulen, sjølv om eg nok ikkje var den ivrigaste eleven. Eg vart nynorskkvotert inn i NRK-sporten og fekk jobba saman med heltar som Knut Bjørnsen og Per Jorsett. Sjølv drøymde

eg nok om å verta den nynorske Børge Lillelien! Det var ei intens tid. Mange var rasande over denne bondeknølen som hadde kome inn i Sporten og trudde han var noko. Det vart avisinnlegg og telefonar, og det var ei påkjenning å vere på fes-



Med løyve både frå forlaget Skald og forfattaren sjølv, Henning Rivedal, har vi plukka frå boka «Kyrkjefolk», som presten Egon Askvik stod bak. I 2014 fotograferte og intervjuar han over 100 kyrkjemedlemmer i sitt sokn, Leikanger i Sogn. «Aldri før har eg høyrte så mange formulere si tru, sine tankar og sine meiningar på ein så direkte og likefram måte», skriv Egon i føreordet. Det er også han som har teke biletet av Henning Rivedal. Han var ein avhalden prest som døyde i 2016.

I Gloppen er det sikkert mange som hugsar Henning Rivedal frå tida han gjekk på Firda (1962-1965). Han var ein frami-frå idrettsmann, og vi kan nemne at hans «pers» i lengde er 7,10. Det seier sitt. I 100-årsheftet for Fjellhug/Vereide finn vi eit bilete der Råmund Fjellestad konkurrerer mot Henning i hekkeløp på Byrkjelo stadion. Henning har mellom anna vore sportskommentator i NRK, skodespelar, senterleiar, skribent og informasjonssjef og har gitt ut mange bøker. Vi takkar for at han let oss få del i hans tankar om kyrkja sin plass for den einskilde og for samfunnet.

For redaksjonen, Harald Aske.

tar der alkoholen gjekk inn og vitet ut. Då fall det mange ukvemsord. Men var du på fjernsynet, var du superkjendis i dei dagane. Då hadde eg god nytte av den gode ballasten eg hadde med meg heimanfrå. Eg kunne ha blitt eit lett bytte.

Det var ei tid etter dette at eg hadde fleire jobbar samstundes. I denne tida vart familien splitta. Det var ei tung tid. Ikkje minst barna er taparar ved ei skilsmisse. Eg kan vel seie at eg ikkje er ukjend med motbakkar i livet. Eit nært familie-medlem tok sitt eige liv, og sjølv fekk eg hjerneslag for ni år sidan [boka er gitt ut i 2015, red.]

Tungt var det også å misse eit barnebarn. Eg har sett kor utruleg viktige prestane er, særleg ved dei bråe dødsfalla.

Det er litt merkeleg. Det er alltid noko

ein kunne ha gjort annleis. Men livet vart slik det vart. Og midt i dei største tragediane reiser ein seg att og går vidare. Me må jo det. Det viser seg at me menneske har større krefter i oss enn me veit om. På nititalet hadde me mange kyrkjebrannar.

Det tok i meg når eg såg korleis vaksne karar hulkegret over nedbrende gudshus. Det slo meg kor sterkt knytte me er til kyrkja. Kyrkja er så viktig. Ho er pasarspissen me orienterer livet vårt ut frå.

Kyrkja er hekla inn i våre liv på ein slik måte at du ikkje ser det, men når det fell eit spesielt lys over livet, ser du mønsteret.

Som eit framhald av dette tek vi med det vesle diktet av Kristin Solli Schøien

*I dette hus er tusen toner sunget
I dette rom er hundre bønner bedt
Til dette sted har mange føtter vandret
Noen har gått tungt
Og andre lett*

*I dette hus har gledens toner jublet
I dette rom har sorgen hatt sitt sted
Ved alteret er ja blitt sagt – og mumlet
I dåpens font har vannet rislet ned*

*I dette hus er himmelen til stede
Og paradiset dørrer står på klem
For dette er et hellig sted på jorden
Og den som kommer hit
Er kommet hjem*

Kristin Solli Schøien





Mange hadde møtt fram for å feire skaparverkets dag i den vakre prestegardshagen på Vereide.

Skaparverkets dag i prestegardshagen

TEKST OG FOTO: HARALD ASKE

«Morgonsola varmar kjærleg sigersfjell med lys og brann. Alle sorger, all bekymring, alt som tynga oss forsvann. Kom nå, alle himmelfuglar, pust og fly i sommarvind. Syng nå, alle glade lerker, kom og syng ein sommar inn.»

Dette er fyrste verset i ein finsk/kvensk salme som kom med i salmeboka i 2013. Både tekst og melodi var ukjend for dei fleste, men salmen er av dei vi bør bruke

meir og bli kjende med. Med naturbilete frå eit nordisk landskap høvde den godt inn som velkomst til ei flott gudsteneste i prestegarden på Vereide denne vakre søndagen. Med nyslegne plenar og sol frå ein klår himmel var ramma for gudstenesta den aller beste.

Kantor Dorothee Raschwitz hadde fått med seg Håvard Nordvik på trompet. Dei spelte til salmane og gledde folket med

nydeleg musikk elles òg. Sokneprest Vidar Bjotveit preika over Matt 10,29–31.

Etter gudstenesta hadde Gloppen sokneråd sytt for kaffi og kaker, og folk gav seg tida i prestegardshagen med prat, kaffi og musikk frå dei to musikantane. Takk til alle som hadde stelt så fint i stand til denne fine samlinga.



Forsamlinga høyrer preiketeksten for dagen.

Det er avgjerande med god støtte i musikantane for å få til god song. Her ser vi kantor Dorothee på orgel og Håvard på trompet.





4. august 2024

Friluft-/støylsgudsteneste på Dimma

AV BERIT AASEBØ HAUGE

Søndag morgon. Det regnar godt. Vi skal ha støylsgudsteneste klokka 11.00. Allereie på fredag avgjorde komiteen for støylsgudsteneste: «Det vert gudsteneste på søndag.» Oddlaug og Fritz ordnar med pynt og kors, Berit organiserer. Kjem det folk i dette veret? Det skal lette klokka 11. Folk kom, 69 i talet frå mange ulike plas-

sar, og det slutta å regne til klokka 11.00. Ei flott gudsteneste med Janne Øisang Grinaker med musikk til salmesongen og Vidar Bjotveit som liturg. Vi fekk ei god påminning om å ta kviledagen i bruk som ein kviledag til nytte for oss menneska. Berit orienterte om støylen Dimma. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi, flotte

hytteeigarar på Dimma stilte med gode kaker. Det vart eit flott støylsgjestebod med gode kaker og kaffi med mykje god søg attåt. Takk til Grete Liv og Arve som stilte området rundt selet til disposisjon, takk til kakebakarar og alle andre som gjorde dette til ein flott dag på Dimma!



Bilete over og til venstre: Fellesgudsteneste i TIN-camp.

Foto TIN-camp: Marianne Bakketun Fjellestad.

Bilete under: Friluftsgudsteneste på Anda. Foto: Olav Bjørn Tystad



Du Nordfjord, min fagre og fjellsterke heim

Vi er heldige som bur i fantastisk natur. Det har vi utnytta godt i sommar, og fleire gudstenester har blitt feira ute: ved friluftsområdet ved Anda ferjekai, i TIN-camp, på vakre Støyvastøylen og på Dimma.



Friluftsgudsteneste på Støyvastøylen. Foto: Ingebjørg Isane Fure



Ei uvanleg fin og verdig gravferd

AV ARNE EIKENES

Gravferder kan vere veldig ulike. Nokre gonger tek vi avskil med menneske som er «mette av dagar» og som har levd eit langt og innhaldsrikt liv. Så hender det også at vi må følgje unge menneske til den siste kvilestaden. Meiningslaust og vondt er det då.

Torsdag 16. mai var det gravferd for Per Eikenes i Sandane kyrkje. Per vart fødd døvstum, og lærte seg aldri teiknspråk. I tillegg hadde han nok også ei psykisk utviklingshemming. Søster hans var også døvstum, men ho lærte seg «døvespråk», og fekk nok på det viset eit enklare liv, sjølv om også ho fekk møte store og vanskelege hendingar i livet.

Per budde lenge heime hos mor si på Hestenesøyra, men livet vart for vanskeleg for henne, og ho måtte sende han frå seg. Etter kvart hamna Per på Harastølen i Luster. Eg har førstehands kjennskap til opphaldet hans der, og det var tydeleg at han treivst og hadde det godt.

For mange vart HVPU-reforma eit gode, men for nokre vart reforma nærast ein katastrofe. Per var ein av dei som ikkje takla å bli riven ut av det kjende og

trygge. Han kom til heimkommunen Gloppen der det ikkje var tilrettelagt for han på ein god nok måte, og ein periode måtte han bu på institusjonen Tronvik.



Då han på ny kom tilbake til Gloppen, var eit betre tilbod kome på plass, og han fekk etter kvart mange og gode år i heimkommunen.

Per vart fødd i 1940, sjølv er eg fødd 9 år seinare. Eg hugsar han så vidt frå tida han var heime hos mor si. Livet såg skikkeleg vanskeleg ut for dei begge. I dag er det nok svært få i bygda som hugsar han, og det var såleis ikkje mange nesjarar med i gravferda. Per hadde heller ikkje mange i nær slekt som deltok. Difor vart det sterkt og flott å sjå dei mange gode menneska i hjelpeapparatet som stilte på og var med i Sandane kyrkje. Reelt er det vel slik at dei, saman med gruppa av menneske som han budde saman med på institusjonen, no var familien hans. Tenk at vi bur i eit land og ein kommune der menneske som Per vert ivaretekne slik Per vart!

Heile samlinga i kyrkja vart både vakker og rett. Ikkje mykje vart sagt, men alt – både minneord, tale, song og musikk – innbaud til refleksjon.

Dette vesle «minneordet» er først og fremst meint som ei hylling til alle tilsette i hjelpeapparatet som på

ein så god og fin måte viste Per respekt og omsorg – i livet – og på den siste ferda. Takk! Ta det til dykk alle!

Sommerfugl

*"Den prektigkleddede sommerfugl er fløyet fra Guds hånd.
Han gav den gyldne vinger og røde purpur bånd."*



Kanskje har du sett ein sommarfugl i sommar? I august kjem ofte ein sommarfugl som heiter Admiral.

Om du vil, kan du strikke deg ein sommarfugl som kan lyse opp til vinteren, når det er for kaldt for levande sommarfuglar.

Du kan legge opp 10 masker på ein strikkepinne, og strikke 10 riller (ei rille er ein gong fram og tilbake) Du må gjerne ha hjelp til å lage maskene.

Når du er ferdig med ti riller, feller du av maskene, og fester tråden. Kanskje greitt å få litt hjelp med det.

Tvinn ein enkel tråd og knyt den rundt sommarfuglen, så får du både kropp og følehorn.



Konfirmantar Vereide kyrkje 25.05.2023. 1. rekke frå venstre: Jofrid Almenning Ravnestad, Henriette Kvamme Lien, Johanne Lindvik, Nora Haram Lundestad, Karoline Ommedal Aske, Martine Vereide Heggdal, Anna Victoria Kaale, Andrea Isene Frydenlund og Maija Andrea Holden Olsen. 2. rekke frå venstre: Line Sollid, Debora Aklilu Tekle, Rebekka Berit Fure, Simona Fraas Johnsen, Vidar Bjotveit, Marie Myrliid Bøe, Tuva Sægrov Øygard, Ørjan Hatledal Bakkeliid og Espen Drageset Nes. 3. rekke frå venstre: Pan Berntzen Imerslund, Mathias Hestenes Lunde, Nils Audun Lothe Tystad, Eirik Sollid, Emil Melin Ganc-Petersen, Anders Kvernevik, Emil Bolstad Larsen og Eskil Kjørвик. Foto: Reed Foto.





Konfirmantar Gimmedstad kyrkje 08.05.2024. 1. rekke frå venstre: Jenny Langeteig, Aurora Svalheim, Malin Grov Solheim, Kamilla Ryssdal, Malin Edvardsen Klokset, Leah Holko Gustavsen og Sofie Ravnstad Mykland. 2. rekke frå venstre: Ulrik Bakketun Nygård, Kristoffer Brunsvik Rygg, Simona Fraas Johnsen, Vidar Bjtovteit, Tord Langeteig og Aron Grov Døskeland. Foto: Reed Foto.



Breim kyrkje 19. mai: Bak frå v.: Varg Andreas Egge, Aksel Nedreberg Bergesen, Odin Nicolai Støyva Kronheim, sokneprest Tore Myklebust, kyrkjelydspedagog Simona Fraas Johnsen, Andreas Mindresunde Bjørnarheim, Oscar Skinlo-Sharp og Magnus Sekkingstad Egge. Framme frå venstre: Mia Jacobsen Egge, Ingrid-Linnea Morken Lunde, Johanne Sekkingstad Egge, Alva Egge Søvde, Margrethe Helmine Strand og Aurora Torheim-Frøystad. Foto: Reed Foto.

Hyen kyrkje 9. mai: Bak: Kyrkjelydspedagog Simona Fraas Johnsen og sokneprest Tore Myklebust. Framme frå v.: Sander Hopen, Marte Ommedal og Alfred Hope. Foto: Marit Straume

Glimt frå eit rikt liv – Martin J Ommedal

VED INGER-JOHANNE HAFSTAD GJENGEDAL

Etter ei triveleg føremiddagsøkt på besøk hos Martin (no 94 år) i leilegheita hans på Løkjatunet i Hyen der han no bur, der eg skulle intervjuje han om livet og ei sterk livstru, fekk eg med meg heim boka han har skrive på oppmoding om å fortelje litt om livet sitt, om minne og hendingar frå oppvekst og eit langt liv i grender i Hyen. Det gjorde det både lettare, men og vanskeleg å skrive ferdig intervjuet, då det var vanskeleg å velje ut kva som skulle med. Boka fenga frå første side og var vanskeleg å legge ifrå seg, og her er mykje historie som absolutt har allmenn interesse, slik eg ser det. Martin sjølv er ein audmjuk og smålåten mann med ei sterk gudstru som ikkje tykte det var lett å skrive om seg sjølv, og særleg om tillitsverv og leiarroller, men det er ein del av livet og må såleis med. Han vonar at ikkje noko vert oppfatta som sjølvros.


Martin vaks opp med foreldra Jakob Elias Olson Ommedal f. 1893 og Brita Arnedotter Heimsæter f. 1894, og storesystera Kjellaug. Martin vart fødd i stova på br.nr. 4 på Solheim 4. juli 1930 og døypt i Hyen kyrkje 31. august same året. Huslyden i barneåra bestod av ni personar.

Hammar og bok viste han tidleg interesse for, noko som har følgt han vidare i livet. Martin fortel at faren var bonde og lærar, og han kom tidleg med i felles arbeid og dugnad. Dei hadde dreng, men då det tok slutt, fall arbeidet på han.

Foreldra kunne vere strenge, særleg far, men vi forstod at det var til vårt beste.

Den trygge kristne trua og foreldrearven var grunnlaget for livet vårt, og saman med nøysemd og samklang mellom liv

og lære, prega det livet vårt i kvardag og helg. Kveldsandakta var fast. Vi hadde ein god oppvekst og barndom. Eg tok eit val i



14-årsalderen at eg ville følge Jesus, og eg har vandra trygt i mi tru.

Vi vaks opp med eit allsidig husdyrhald på garden. Kyr, kalvar, oksar, hest, sau og gris. På nabobruket var det geit. Grovforet bestod av tørrhøy. Hesten fekk havre i tillegg.

HELG OG HØGTID

Søndag var kviledag, og berre det mest naudsynthe stellet skulle gjerast. Å kome seg til kyrkje var ei heildagsreise for folket på Solheim før det kom veg til Heimseta, så det vart ikkje så ofte teke på kyrkjeveg, særleg vinterstid. Men «vangelja» vart lesen etter middag i dei fleste heimar.

Skuleåra var ei fin tid. Det var todelt skule på Solheim då, småskule og stor-skule. Bibelsoga og forklaringa skulle vi helst kunne på rams, så det vart mykje pugging. Munnleg eksamen var ein stor og viktig dag.

Dei siste skuleåra var Hans på Høgstebakken og eg ofte skyssgutar på Storefjorden. Av og til på Krogstadvatnet. Oftast for utanbygds folk som trengde skyss over vatnet. Nokre kroner for sommaren vart det, men største gevinsten var nok kraft i bein og armar.

Sommaren 1944 las vi for presten. Då var det å ro til Grønvikja og sykle eller følge bil derifrå. Vi var 18 i talet, likt fordelt på gutar og jenter. Olav Kvåle (frå Telemark) var presten vår. Overhøyring og konfirmasjon var same dag. Ei fin oppleving.

Å bu i og vekse opp i ei veglaus grend kunne vere strevsamt mang ein gong, men samhaldet var godt både i sorg og glede, sjølv om det kunne vere ulikt syn på mangt.

Ferdavegen var vatnet, i båt eller på isen. Når det var meinis, måtte ein gå stranda. Det kunne vare i vekevis. Det var langt å gå frå Solheim til Heimseta.

Derifrå var det kjerreveg til Hope og etter kvart bilveg til Straume. Ein måtte lære å greie seg sjølv så langt råd var, utan så mykje hjelp frå storsamfunnet.

Hausten 1955 kunne vi halde vegfest. Endeleg var det bilveg til grenda, og i 1962 var veganlegget Heimseta–Løkkebø ferdig.

Hausten 1945 kom Solheim elektrisitetsverk i gang. Det vart mykje min jobb å ha tilsyn med verket, som var i gang i ti år til 1955. Då fekk vi straum frå Gloppen elektrisitetsverk.

Så fekk grenda eit nytt samarbeidsprosjekt – sagbruk – og arbeid med tømmer vart ein stor del av livet mitt.

Meir skulegonge vart det og etter kvart. I 1947 var vi fem frå Solheim krins som tok til på Ljosborg, som vi sa i daglegtale (Nordfjord ungdomsskule). Eg gjekk metallsløydlinja med Otto Fjøsne som lærar. Ein kjernekar med stor omsut for elevane. Trusfelleskap, sosialt samvær, gymnastikk, litt idrett og blandakoret med Birger Sonstad som dirigent høyrer med i dei gode minna. Tomb jordbrukskule søkte eg opptak på hausten 1949 på vinterkurs. Det vart to gode skuleår som

gav minne for livet. Ei rik tid som betydde meir for meg enn eg då forstod.

Så følgde militærtjeneste i kystartilleriet og heimevernet.

TRULOVING OG BRYLLAUP

På Utheim i Røyrvikja gjekk Rannveig, som eg hadde sett på sidan vi gjekk i lag for presten. Jonsokkvelden i 1953 trulova vi oss, i bryllaupet til Kjellaug (syster mi) og Harald Solbakk.

Sommaren etter, 4. juli 1954, var det vår tur til å feire bryllaup i strålende ver. Vi såg lyst på framtida, for «i kjærleik varm og mild vi legg vår vilje til, då veks det fram».

Eg tenkjer med stor takk på svigerforeldra Marta og Erik Utheim. Takksemd for den livsarven Rannveig fekk med seg frå barndomsheimen og den varme omsorg eg møtte som svigererson. Samvær med Rannveig sin store syskenflokk er lysande minne. Firstemt song lydte mang ein gong når vi samlast. Dette er godt å tenkje attende på no når «håret gråner og sangens elv flyter mere stille».

BARNEFØDSLAR

I april 1955 kom Brita Olina til verda. Eit



livsens under. Jordmor Klara Holme var fødselshjelpar. I april 1957 kom Jakob Ola. No følgde nokre gode år på Solheim i eit triveleg fellesskap i grenda. Men i 1963 flytte vi til Heimseta, og der kom Arne Ola Bertel, i oktober 1964, og i juli 1967 kom siste barnet, nok ein flott gut, som fekk namnet Erik Martin. Erik etter bestefar på Utheim.

EIN NY EPOKE I LIVET

20. juli 1963 flytte vi som nemnt til Heimseta. Det var to av brørne til mor mi, Ola og Bertel, og ein slektning, Maria, som i mange år hadde drive garden. Alle var ugifte og hadde ikkje arvingar. Dei tre gamle tok del i arbeidet på garden så lenge kreftene rakk.

Rannveig var matmor med omsorg for desse til dei døydde, i tillegg til mor og far då dei flytte til Heimseta. Mange års varm omsorg for fem gamle i tillegg til gardsarbeid, mann og fire born er ein stor arbeidsinnsats ho skulle hatt medalje for.

Det var på mange vis ein stor overgang frå Solheim, der vi hadde fått til moderne kjøken, bad med dusj og vassklosett og mange gode soverom. I Heimseta var huset større, men færre rom, ikkje varmt vatn og eit umoderne kjøken med lite skåp og benkar. Vi måtte tilbake til utedo og halmsenger, men desse var mjuke og varme.

Vår første oppgåve var å fylle i gras i ei gamal trehes som det enno var mange av på bruket. Året etter var nye siloar på plass, og det vart slutt på hesjinga. Bor-na var med i arbeidet etter som dei vaks til, og det vart lite fritid til samvær med omgangsvener som hadde fri. Drifta på Solheim vart trappa ned, og garden vert no nytta til sauebeite vår og haust.

I Heimseta vart det etter kvart dyrka og planert, og den kvelden grasfrøet var kome i jorda på Hogane, var våre planar

om dyrking fullførte. Slike stunder er det godt å vere bonde.

Skogsdrift Første tida var storsaga, svansen og øksa reiskapane. Og køyring med hest. Alf Holme og eg fekk eit godt samarbeid. Anten vi dreiv i skogen i lag eller kvar for oss, alt etter som det høvde. Så kom motorsaga, traktor med halvbelte og hydraulisk marktrykk, sameleis vinsj med utstyr til slepebane. Det vart ein ny kvardag i skogen. Mykje tømmer og ved er drive fram, både frå eigen skog og leigearbeid. Eit sunt og triveleg arbeid. Etter kvart kom eg med i organisasjonsarbeidet i skogbruket og var leiar i Gloppen skogeigarlag i seks år, og ei tid styremedlem i Sogn og Fjordane tømmermåling.



HUSBYGGING

Sagbruk og maskinhøvel var til god hjelp etter kvart som vedlikehald og stundom nybygg vart naudsynt. Hus til bil, traktor og reiskap måtte etter kvart til. Lada og fjøsen frå 1917 måtte vike plassen for nytt i 1988. Mjølkeproduksjonen vart avslutta, og i 1969/70 vart det sett opp sauehus med plass til omlag 140 vinterfora dyr. Det kom i bruk hausten 1970. Så var tida

for nytt bustadhus komen, og etter mykje arbeid og lange dagar var alt klart 23. desember 1972. Det var ein stor dag, og julehøgtid i nytt hus. Anfinn Solheim og Jostein Utheim var bygningsmenn.

GENERASJONSSKIFTE OG POLITIKK

Både Rannveig og eg vart pensjonistar i 1997, og yngstesonen Erik tok over gardsdrifta. Og då han og Randi gifte seg, hjalp dei mykje til så vi fekk ein god stad å bu i gamlehuset i våre alderdoms år.

Kristeleg Folkeparti var mitt parti, og i 1959 kom eg inn som den siste av partiet sine tre representantar og den yngste i kommunestyret. Eg har aldri drive valkamp, det er ikkje naturleg for meg. At kommunepolitikk skulle bli ein del av livet i 20 år, var ikkje i tankane mine då.

Det var mykje nytt for ein førstereisgut, men vi var heile fem representantar frå Hyen, og dei andre var røynde og gode lærereistrar.

Dei siste åtte åra av ein 16-årsperiode var eg KrF sin medlem i formannskapet. Samarbeidet i formannskapet var godt, og ulike syn gjekk som oftast på saker og ikkje parti. Etter åtte nye år vart det ein ny periode, også denne gongen i formannskapet. Eg var heldig som fekk vere med på å løyse mange oppgåver som var viktige saker for bygda i den tida, blant anna skuleutbygging, nytt samfunnshus og idrettsplass. Nytt byggefelt i Hyen vart ei vanskeleg sak. Fleire alternativ vart vraka, og Straume gard kom for alvor i fokus. Men som alle veit, vart det ikkje byggefelt på Straume gard, og endå har det ikkje vorte funne noka god løysing på byggefelt i Hyen.

Tida i politikken var lærerik og interessant. Å møte att gode kjenningar frå alle parti er kjekt, men mange er borte no og sakna.

Etter endt tid i politikken og fram til fylte 70 år var eg ein av Gloppen sine personar i Gulating lagmannsrett og Nordfjord skjønnsrett. Stundom lett og stundom vanskeleg. Særleg vondt tykte eg det var når ein såg fine ungdomar som i alkoholrus påførte andre livsvarige skadar og sjølve gjerne vart merkte for livet.

LAG OG ORGANISASJONAR

Eg er gjerne lite flink til å seie nei i spørsmål om leiaroppgåver, men har i slike høve sett det som ein del av Guds vilje med meg. Det vert for langt å nemne alle, men i Hyen fråhaldslag vart det mitt lodd å vere leiar i laget etter eit benkeforslag på årsmøtet. Eg var ikkje så glad for dette, så det gjekk eit par år før nytt årsmøte. Dette kan vel kallast «ein ringe begynnelse», som dei gamle sa. Men det gjekk rimeleg bra etter kvart.

Hyen sokneråd (1958–1981) Som nyvald medlem og som leiar var det ikkje i mine tankar at dette skulle vare i 24 år, men det vart ein rik periode i livet. Den første praktiske oppgåva var isolering av tak og golv, før det i 1960 vart installert elektrisk lys i kyrkja. Elektrisk oppvarming kom tre år seinare og ny innvendig måling i 1967, og då med same fargar som det var den første tida.

Etter kvart vart det sterkt ynskje om nytt orgel, og i 1967 vart saka for alvor teken opp i soknerådet. Etter at alt var godkjent av fagkonsulent, stiftsdireksjonen og kommunen, var orgelet på plass til jul i 1972. Stor stas med konsert og velnøgd kyrkjelyd! Gloppen kommune tok heile kostnaden med orgelet. Stor takk for det!

I 1976 var kyrkja 100 år, og det måtte markerast. Prost Johnny Bakke var med i soknerådet og lova å ta seg av arbeidet med eit jubileumsskrift, men han reiste frå Gloppen i jubileumsåret, og soknerådet kom i ei skikkeleg «kattepine». Dei

andre bad meg ta oppgåva. Eg hadde lenge undrast over at det ikkje var brev og dokument frå den tid kyrkja var bygd og vidare framover til Lov om sokneråd kom i 1922. Det som kom frå prost Bakke var lite å lage skrift av. Kvar skulle vi finne meir dokumentasjon enn det som stod i bygdeboka? Men så, langt ut i jubileumsåret, kom eg til å sjå i ei skuff med papir etter bestefar i Heimseta, og av alle ting, der var ei mengd brev og dokument som vedkom kampen for å få kyrkje, bygginga og mange år etter dette. Snakk om gåve frå himmelen! Bestefar var med i sognestyret, som det heitte då, og hadde teke vare på dokumenta. At han burde ha sendt dei frå seg for sikker oppbevaring er ei anna sak, men nett då var gleda stor for at dei var i skuffa. Skriftet vart ikkje ferdig til 100-årshøgtida (søndag 17. oktober 1976), men vart ferdig i god tid før jul, og vi fekk med referat frå jubileumshøgtida. Alle heimar fekk kvar sitt gratisseksemplar som julegåve.

«Nære og styrke det åndelege livet i kyrkjelyden» står det om sokneråda sine arbeidsoppgåver. Etter opptak frå soknerådet hadde vi saman med misjonsforeiningane i bygda møteveker i kyrkja i fleire år, med gode talarar og songkrefter. Dette var rike samlingar. Fruktene er det berre Gud som veit. Ein skal vere varsam med statistikk i slike høve. Når eg ser attende på tida i soknerådet er det med audmjuk takksemd til Hyen kyrkjelyd for tiltru og hjelp gjennom 24 år.

Elles har eg vore heldig og fått oppgåver både i det norske misjonselskap (1982, krinsstyret), Nordfjord samskipnad av NMS (frå 1977 og seks år), Nordfjord Indremisjon/Normisjon (leiar frå 1987), Vestre Hyen indremisjonsforeining (styremedlem 1966–68 og leiar 1974–77).

I 2007 vart tre foreiningar i bygda til eitt og fekk namnet Hyen Normisjon.

Skiidretten har stått meg nær, og i 1996–2002 var eg leiar i skigruppa i Hyen idrettslag. Mange, både små og store, nytta lysløypa på Høgdena til mosjon, leik og konkurranse. Særleg på Skisportens dag var det stort frammøte. Borgny Haug Aa hadde fleire gonger søndagsskule i skihytta før borna tok til med skileiken. Ein fin kombinasjon. Borgny gjekk diverre altfor tidleg bort, og det var eit stort tap for bygda. Under Skitinget i 2002 vart eg tildelt heidersmerket og diplom av Sogn og Fjordane skikrins for «verdfull innsats for skiidretten». Uventa, og heller ikkje så fortent etter mi meining, men likevel kjekt.

KYRKJEGARDSARBEIDAR

I 1989 vart stillinga som gravar og kyrkjegardsarbeidar i Hyen utlyst. Eli Kjær hadde laga plan for den nye delen, og der var det mykje utplanting og med dette òg reinskearbeid. Rannveig hadde «grøne fingrar», og vi fekk lyst til å ta dette som ei fellesoppgåve. Eg søkte stilling (for første gong i mitt liv), og brått var vi kommunalt tilsette. Vi fekk god kontakt med mange i bygda, men etter om lag ti år og oppnådd aldersgrense vanka det gåve og takk frå kommunen. Vår teneste var over.

Hyen pensjonistlag Rannveig melde seg tidleg inn, og eg kom med etter kvart. Eit lite lag, men vi har det triveleg på samværa, sju-åtte medlemsmøte for året pluss tur på sommaren. Og fellestur med Gloppen pensjonistlag.

Dei som starta laget for godt 30 år sidan la stor vekt på å ta vare på den kristne arven, og det vart bokført vedtak om andakt på alle møta. Leiaroppgåva fall på meg i fem år. Ein takksam jobb. Etter dette var det slutt på slike leiaroppdrag for min del.

Ferie og reiser er ein svært liten del av vårt liv. Men vi fekk reise litt i godt vaksen

alder, til Antwerpen, Israel og Roma. Minnerike turar!

Rannveig og eg fekk eit godt ekteskap som varte i 68 1/2 år. Vi fekk gleder av å få fire born og ti barneborn. Ein stor rikdom i livet! Rannveig hadde det ikkje lett på slutten og fekk flytte heim 8. februar 2023.

Den gode hyrding, han som døydde for oss alle, har følgt med gjennom livet som ein ven med kjærleg røyst. Ofte såg eg det ikkje, men han er med alltid og vil følgje heilt fram til min siste dag og inn i æva. Kva tid den kjem, og korleis, er løynt, men det er mi von at eg av Guds nåde ein gong får stå i den store kvite flokk og saman med mine kjære syngje Lammets pris!

Eg vil avslutte glimt frå eit rikt liv med nokre songvers av Svein Ellingsen:

*En tone skal stige i livsdagens kveld
Vår takk går til Gud for det liv vi har levd,
med klang fra vårt hjertelivs grunn!
for alle velsignede år,*

*Så snart er vår tilmålte tid på hell,
for vennskap som trofast ble holdt i hevd,
så kort er vår jordiske stund.
for hjelp under skiftende kår.*

*Takknemlighet fyller vårt hjerte og sinn
Vi er i din omsorg fra vugge til grav,
ved tanker på dager som svant,
du ledet oss fram på din vei.*

*Og minnene står i forklaret skinn
Vi takker deg, Herre, for alt du gav!
for alle de gleder vi fant.
O Gud, vi er alltid hos deg.*

Ei stor takk til Martin for det han har delt med oss frå eit langt og rikt liv!



Friske fråspark

REKRUTTEN

Han var ikkje utprega reinsleg, den unge guten på rekruttskulen. Sersjanten fekk mange klager frå romkameratane om dårleg lukt. Ein morgon på oppstillinga ropte sersjanten opp rekrutten og bad han kome fram. Han ville lære han ei lekse.

«Hent eit vaskevassfat fylt med varmt vatn!» kommanderte han.

Då guten kom attende med vaskevassfatet, sa sersjanten bryskt: «Ta av deg skoa og stå oppi vaskevassfatet!»

Guten var lydige og gjorde som han vart beden om og stod litt usikker med begge beina i vatnet.

«Skjønar du no kva eg ønskjer av deg?» Litt usikkert kom det frå unguguten: «Du vil vel kanskje at eg skal flytte over til sjøforsvaret?»

BOT

Politiet til karmøybuen: «Du får velje mellom bøter eller fengsel. Vil du ha 9000 kroner eller ti dagar i fengsel?»

Karmøybuen: «Det er då soleklart, eg tar pengane.»

FISKEFANGST

«Har eg fortalt deg om den store laksen eg fekk i fjor?» spurde den eldre broren.

«Ikkje på ei stund», svarte den yngre. «Kor stor har han blitt no?»

SENILE?

Det sat tre damer på ein gamleheim. Dei drakk kaffi og filosoferte over livet då den eine sa: «Takk Gud for at vi iallfall ikkje er senile.» «Ja, bank i bordet», sa den andre.

«Kom inn», sa den tredje.


REGN I BERGEN

Ei gruppe norskamerikanarar hadde feriert ei veke i Bergen og var imponerte over byen mellom dei sju fjell. Men dei var noko overraska over at det hadde regna alle dagane dei var der. Siste dagen spurde dei nysgjerrig ein gut på Bryggen:

«Hei, gut, regnar det alltid her i Bergen?»

«Eg veit no ikkje det, eg. Eg e jo bare 11 år gammel.»

Alle friske fråspark denne gongen har vi fått lov å hente frå «Humorterapi – Dobbel dose» utgitt på Hermon Forlag, valde ut av Harald Aske og illustrert av Oddvar Almenning.



Johnn Hardang frå Bedehuskanalen kjem til Sandane

Johnn Hardang er fødd i 1953 i Notodden, der både far og bestefar var predikantar i Indremisjonen. Han vurderte først å ta lærarskulen, men under militærttenesta i Finnmark bestemte han seg for å ta to-årig bibelskule i Staffeldtsgate. Åra etter dette starta han på ei lang reise som predikant og mediamisjonær til han for to år sidan starta TV12, også kjent som "Bedehuskanalen".

Lista er lang over alle aktivitetar i formidlinga av Guds ord. Han var lærar på bibelskulen i Oslo, rektor på Bildøy bibelskule og han starta radiokanalen P7 i 2005. Han har vore aktiv i kristent radioarbeid TWR, ein kanal som i dag når ut til 2 milliardar menneske med program på mange språk.

Johnn Hardang fekk i 2013 prisen "Den

gylne mikrofon" frå Kristent radioforum.

Johnn Hardang er også forfattar av mange bøker, og fleire av desse har fokus på den kristne songskatten. Han syng både solo og duett og akkompagner både på gitar og piano.

Johnn Hardang er ein svært kunnskapsrik forkynnar, der han stadig fornyar seg i kjende og meir ukjende bibeltekster.

I løpet av dei 50 åra som forkynnar har han levd under mottoet "Med munnen som pensel og med ord som farger vil jeg male et bilde av Jesus så folk får se Han med ørene".

Mange vil kunne skrive under på at Johnn Hardang har ei eiga evne til å fornye seg og kunne treffe også grupper som lyttar til talene hans gjennom podkaster,

radioprogram og som redaktør og dagleg leiar i Bedehuskanalen.

Gjennom digital radio, smarttelefon, nettbrett og smart-TV kan ein ta inn program til alle døgnets tider, og ein kan lytte når ein går på tur eller køyrer bil, gjer husarbeid eller sit behageleg i stresslessen.

Mange også i bygdene våre har møtt Hardang som reiseleiar til Israel, Afrika eller i Paulus sine fotspor rundt Middelhavet. Han er også ein flittig gjest på Hermon Høyfjellssenter der han leiar allsongsveker og produserer program for Bedehuskanalen, som har sitt hovudkontor på Straume Forum utanfor Bergen.

Bedehuskanalen med sine to år på lufta er i stadig utvikling med nye program som vert produserte på forskjellige lokasjonar – i Bergen, Kristiansand, Oslo, Hermon og Grenland. I tillegg har Bedehuskanalen samarbeid med over 30 ulike programleverandørar.

Hardang kjem til Sandane 18.–20. oktober med bibeltimar fredag og laurdag og gudsteneste på Møtepunkt B på søndagen.

Bedehuskanalen kan du sjå på nett: Bedehuskanalen.no
App: på mobil og Appletv
Allente: Kanal 112 for tidlegare Vi-asat-abonnement
Kanal 176 for tidlegare Canal Digital-abonnement
T-We: kanal 323- (1 kanalpoeng)



ODDVAR ALMENNING

Han gyller himlens tak i gullsinober

Med takk sa eg ja då eg blei spurdd om å skrive «Min salme», for salmar har betydning mykje for meg så lenge eg kan hugse, i heimen, i skulen, i lagsarbeidet og i kyrkja. Men berre ein salme som er min, ser eg bort frå å greie å velje ut, så dette blir bom på oppgåva med ei ytring om salmeboka.

SALMAR I KYRKJA

Av alt det vi «gjer» i kyrkja, er salmesynge noko av det mest samlande. Vi dreg pusten samtidig, finn rette tonen i lag, fylgjer kvarandre og tek dei same orda i munnen samtidig. Saman vender vi oss til Gud i sams lovsong og tilbeding. Lyden av kyrkja, kyrkjelyden, er lyden av felles takk, tilbeding og tru. Og av og til tenkjer eg: No syng dei same tonen og dei same orda i andre kyrkjer. I Danmark eller Tyskland eller til og med i England!

SALMAR I HEIMEN

Alle heimar treng ei salmebok. Seier eg. Men vi syng ikkje salmar heime, seier kanskje du. I alle heimar der det veks opp born, er det aktuelt å syngje. Også salmar. Når det nærmar seg jul, er det aktuelt å friske opp julesongane. Kanskje det er ein ide å lære eit par av dei utanåt?

Bordvers er ein god ting. Det blir litt meir høgtid i heimen når ein hugsar å syngje for maten. Salmeboka har ti slike songar som høver for born og vaksne til kvardag og fest. Glad blir eg når «Alle vender augo sine til deg» (NOS 761) tonar firstemt rundt stovebordet. (Vers 4 i salme 841 er eit ypparleg bordvers!)

Eg berre nemner stikkordet kveldsvers.

Her er det mange skattar som toler langsiktig bruk.

Salmeboka hjelper deg i tunge tider, eller når noko stort har hendt eller noko skal feirast. Om du er fadder, og fadderbarnet ditt skal konfirmerast, kan du til dømes slå opp nr. 647, «En gang før du selv kan minnes» og skrive vers fire inn i kortet: «Han som møtte deg i dåpen, kaller deg på nytt til seg. I sin kjærlighet og nåde vil din Gud velsigne deg.»

Men salmeboka er også ei bok til å lese. Lese i og lese frå. Det får du ikkje tid til om du tar i boka berre kvar gong du er i kyrkja. Der er enkle korte liturgiar til mange slags høve og tilstandar i eit menneskeliv. Der er ei bønnebok som du kan bla i berre fordi du vil, eller når du står i djupe kriser eller i akutte situasjonar. Og visste du at «den vesle grå boka», katekisma som vi las i skulen og for presten, finst i salmeboka? Til og med på nynorsk!

NY SALMEBOK? JA, TAKK

Midt i 80-åra kom den nye grøne salmeboka, og Nynorsk salmebok blei teken ut etter seksti års teneste. Godt og vel ti år seinare var det på tide med eit tillegg, og Salmer 1997 såg dagsens lys. Ein lang og innhaldsrik prosess førte til den noverande salmeboka som kom i 2013. Det er såleis berre godt ti år sidan vi fekk ny bok, medan den grøne varte i nesten 30 år. Men det er på tide å starte arbeidet med den neste. Det sit flinke folk og lagar tekstar og tonar heile tida. Skal dagens salmediktatar og melodimakarar bli brukte, må dei ha

plass i salmeboka. Tenk at det heile tida blir skapte nye melodiar som ingen har høyrte før! Jau, vi skal ha med oss Kingo og Hovden og Landstad og Blix, ja Jakob Sande og Bjørn Eidsvåg. Og Grundtvig og Ellingsen og Skeie og Bach og Hovland og Kverno. Men vi treng dei nye, og.

Som døme på dette har eg valt salme nr. 847, skriven av Jan Inge Sørbo i 1993. Les denne originale teksten om Gud, Skaparen som stadig skaper og held skaparverket oppe, og samtidig let oss sjå at han er den som elsker oss, sender oss prov på sin kjærleik og «hentar deg den dagen du skal gå». Og melodien er lett å syngje, lett å lære, lett å hugse, og heilt ny.

I neste nr. skriv Narve Eimhjellen «Min salme».

*Han gyller himlens tak i gullsinober.
Han heiser sola varsamt opp og ned.
Han helsar oss med sommar i oktober.
Han skifter fargar på kvart ospetre.*

*Han lyfter trea langsamt opp av jorda.
Han murer opp eit fjell og let det stå.
Han pustar liv og varme inn i orda.
Han hentar deg den dagen du skal gå!*

*Går du på glør, så går du på hans hender.
Og når du blør, er det hans blod som renn.
Han står der nederst når di krise vender,
for han stig ned og du stig opp igjen!*

*Det gull du ser på himlen i oktober,
er renningar i veven som han vev.
Frå hans palett flyt purpur og sinober.
Og du er den som får hans kjærleiksbrev!*



MORTEN LEIRGUL

Levd liv

Blir ein klokare med alderen? Ser ein til USA og deira presidentkandidatar, kan ein få inntrykk av det motsette. Men i Johannes 8 blir vi tekne med i ei historie som vitnar om innsikt som kjem etter kvart som åra går. Dei eldste anklagarane var dei fyrste til å sleppe steinane når dei vart oppmoda om å sjå seg i spegelen før dei gjekk laus på flisfjerning frå andre sine auge.

Kva er mekanismen bak dette at mange ser ut til å mildne med åra? Blir ein feigare og meir konfliktsky? Ikkje alle blir mildare (jf. tante Pose og einskilde kandidatar i USA), men til og med tante Sofie innser etter kvart, med god hjelp frå Tobias og politimeister Sebastian, at ho har overvurdert gevinsten ved at alle helst skulle ha vore som henne.

Forsømde dei skriftlærde i Johannes 8 seg når dei ikkje heldt fast på steinane? Kva er mekanismen? Blir lov og påbod mindre gyldige etter som vi blir eldre? Eg trur ikkje det er det historia i Johannes 8 handlar om. Den innsikta dei skriftlærde viser i det bibelavsnittet er rett og slett ei fornya rolleforståing. Gud er den som dømmer; det er ikkje vårt mandat. Vi, som sjølve har vorte frikjende av Gud, har eit mykje staselegare oppdrag enn domsavseiing. Vi skal få kunngjere nå-

den som Gud har tilsagt syndarane, for Jesu skuld.

Ein må nok stort sett ha levt nokre år før dette tek til å demre. Vi er kalla til eit heilagt liv, men ikkje til å syte for «lov og orden» etter Guds føresegner. Etter som livet har teke oss med nokre fleire rundar, vil vi kanskje innsjå at kallet om heilagt

liv blir vanskeleg å innfri. Då er det trøyst i at Gud

alt etter epleslangen til Eva og Adam hadde redningsplanen klar. I staden for å utslet-

te oss vanheilage, valde han å møte

oss med nåde. Nåden er vanskeleg å

forstå og kanskje endå vanskelegare

å forklare. Særleg vanskeleg tyk-

kjer eg det er med paradokset 'krav

om helging bytt ut med tilbod om

nåde'. Dei eldste og klokaste av dei

skriftlærde innsåg dette, og tok kon-

sekvensen av det. Oppdraget endra

seg frå å vere anklagar på Guds vegner,

til å bli vitne om nåden Gud har tilsagt alle

som vil ta imot. Oppdraget er klart: Rop ut Guds

nåde! Vi blir aldri utlærte til dette, men vi lærer litt etter

litt etter som vi lever. Det er også logikken bak at vi som kristne

kan kalle oss læresveinar. Eg oppmodar alle som ønskjer å lære

meir om det glade oppdraget vi kristne har fått, å lese 'Nådens

gåte' av Philip Yancey, ISBN: 9788253145389.

Etter som livet har teke oss med nokre fleire rundar, vil vi kanskje innsjå at kallet om heilagt liv blir vanskeleg å innfri. Då er det trøyst i at Gud alt etter epleslangen til Eva og Adam hadde redningsplanen klar.

REMA 1000

FLØTRE
MASKINA/S
6826 Byrkjelo - tlf. 906 84 913 - 578 66 000

Flår service og kunnskap betyr noko
DATA INSTITUTTET
www.datainstituttet.no

Sandane Tekstil og Interiør
SENGETØY - GARDINER - UNDERTØY - KLÆR

FRYDENBØ
BILSENTER

bd huset

KULTUR & SELSKAP
BREIM

Eit unikt
forsamlingslokale!

bdhuset.no

X EXTRA


NORDFJORD
folkehøgskule

Ledig plass

Ryssdal kraft

TRUCKNOR
SOGN OG FJORDANE 


**VEREIDE
BLOMSTER AS**

Blomster og hagesenter
telefon 57 86 51 07

Nordfjord Laks as

BYRKJELO
Taxi
TLF: 995 24 247

Stall Rygg 
Trav
Avl
Turridding
Stallutleige
Salg av hestefor
Turisme

MØBELRINGEN

FIRDAELEKTRO


**DEKKSERVISJE
BREIM**
Tlf: 901 24 701 / 915 94 885
www.dekkservicebreim.no

Sandane
GRAVFERDSBYRÅ

NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

Bt BYGGtorget
BYGGEVAREN BYRKJELO AS
Tlf. 57 02 01 60 / Mob. 908 90 791
Gamlevegen 2 - 6826 BYRKJELO

Døgnbemanna telefon: 911 29 818
Kontorlokale i Sørstrandsvegen 4
Epost: post@sandanegravferd.no



Austrheim

LEIV AUSTRHEIM AS



OLAV HJELMESET A.S

6823 Sandane

Tlf. 91 37 26 49


GRAVING - SPRENGING - TRANSPORT

EIDE SANDTAK A.S

6823 SANDANE - TLF. 41 76 71 33

HJELMESET BETONG AS

TLF 57 86 63 60



- KONFIRMASJON
 - BRYLLAUP
 - GRAVFERD
 - KVAR DAG OG FEST
- Velkommen innom!



BUNNPRIS

Skjerdal Kraft AS



sparebanken
sogn og fjordane

NAKKESKADE

www.firdafysmed.no



BRØDRENE AA



BOLSETH GLASS



**LOTE
ELEKTRO**



RINGO



**kontorspar
Sandane**

LEIKER - BOKHANDEL - KONTORREKVISITA

Ope 10-18 (15)



Norlisandane



BOK OG PAPIRAS
Sentrum sidan 1915

Nordstrandsvegen 10
6823 Sandane
Tlf. 57 88 44 10
sandane@norli.no
www.norli.no

Tannlege
Øyvind Seim

Tlf: 57 86 50 24



DØYPTE

VEREIDE

30.06.2024

ASTRID SOLHEIM VOLL
 MARIA RYLAND SOLHEIM
 ODDMUND ALMENNING VOLL
 Kristina Kosberg
 Elias Almenning Voll
 Torborg Almenning Voll
 Arild Frislid Solheim
 Kathinka Ryland Nythingnes
 Sunniva Ryland Solheim

04.08.2024

ABEL ONSTAD KAALE
 REIDUN ONSTAD AASEN
 BJØRNAR KAALE
 Mathilde Onstad Takle
 Anders Takle
 Kristin Onstad Takle
 Anna Victoria Kaale

11.08.2024

OLAI HOLME HEGGEDAL
 NORHILD HOLME
 ANDREAS BJØRHOVDE HEGGEDAL
 Runar Bjørhovde Heggedal
 Olianne Randi Holme
 Olav Tore Holme

EMILIAN SELJESSET

MALIN RENATE TOMASGARD SELJESSET
 NILS ERIK HESTENES RYE
 Simen Christoffer Rye Hestenes
 Marianne Seljeset
 Eva Malén Haugen
 Anders Hage

ARIAN ZAKARIAS LUNDAL SUNDAL

ANN-HELEN SUNDE LUNDAL
 ØRJAN HORNE SUNDAL
 Eline Dvergsdal
 Britt-Jannicke Sunde Lundal
 Sander Elvebakk Nesdal
 Kristian Niiranen Henden
 Helene Horne Sundal

GAMLE GIMMESTAD

23.06.2024

SVERRE NESS NYSTAD
 GUNNVOR NESS NYSTAD
 BJØRN MAGNUS NYSTAD
 Einar Birger Nystad
 Sølvi Holme Sælen
 Torbjørn Sælen
 Erling Vangsnæs
 Petter Dyrkoren Nes

06.07.2024

ELENA SØREIDE MÆHLE
 ODA SØREIDE
 JONAS MÆHLE
 Tonje Mæhle
 Karoline Årvik Slemmen
 Greta Søreide Gjengedal

BREIM

17.08.2024

AGNAR FUGLESTRAND FRØYEN
 THEA-MALEN FUGLESTRAND
 JØRGEN FRØYEN
 Sigurd Eidarsønn Hveem
 Anna Skorpen Tarberg
 Sara-Helen Fuglestrand
 Daniel Frøyen
 Julie Kandal

VIGDE

EGGENIPA

06.07.2024

Aina Løkken Esp og Jakob Seland Aleksandersen

BREIM KYRKJE

07.06.2024

Evelyn Wold og Per Rune Hjelte

20.07.2024

Frida Bjørnereim og Andreas Dalsbø

VEREIDE KYRKJE

22.06.2024

Sandra Lynn Bjåstad og Arne Standal Hagen

27.07.2024

Solveig Laukeland Djupegot og Anders Oldeide

03.08.2024

Astrid Haugen Lie og Jonas Berven Asbjørnsen

Ester Flugstad Rygg og Eirik Aasheim

GRAVFERD

VEREIDE

Per Bjarne Engeset	25.05.1947	24.05.2024	05.06.2024
Håvard Kvandal	21.01.1961	10.07.2024	19.07.2024
Astrid Fjellestad Hauge	12.03.1969	31.07.2024	08.08.2024
Gunhild Hyenes	06.08.1932	04.08.2024	14.08.2024

GIMMESTAD

Turid Hilde	29.05.1948	22.06.2024	03.07.2024
Steffen Elvebakk	26.03.1936	15.07.2024	23.07.2024
Erik Johan Rygg (bisetjing)	20.03.1952	21.07.2024	31.07.2024

BREIM

Svein Kandal	24.07.1930	27.05.2024	04.06.2024
Steffen Bjørkelo	21.05.2024	15.06.2024	21.06.2024
Olav Solheim	15.03.1945	11.07.2024	19.07.2024
Ida Olga Førde	04.03.1931	29.07.2024	09.08.2024

HYEN

Ragna Elfrida Hope	08.09.1928	21.05.2024	31.05.2024
Arne Olav Nordbø	06.04.1935	26.05.2024	07.06.2024
Ola Egil Eimhjellen	13.06.1941	14.07.2024	24.07.2024
Anne Marie Eimhjellen	23.01.1945	03.08.2024	13.08.2024

Aktivitetar og andre hendingar

BABYSONG

For babyar frå ca. 1 md. og til ca. 1 år med følgje. Onsdagar i partalsveker i Sandane kyrkje kl. 11.00. Matpakkелunsj kl. 12. Vi serverer kaffi og te. Oppstart 21. august. På Facebook: Babysong i Gloppen

SMÅBARNSTREFF

Samlingsstund med song, rim og rytme for barn frå 1 til 4 år med følge. Felles fruktstund saman med barnegospel. Sandane kyrkje kl. 17.00–18.00 ein tysdag i månaden; 17. september, 15. oktober, 12. november og 10. desember. På Facebook: Småbarnstreff i Sandane kyrkje

SANDANE BARNEGOSPEL

For barn 4–10 år. Sandane kyrkje kl. 17.00–18.00 i partalsveker. Oppstart 17. september. På Facebook: Sandane barnegospel

OPE HUS

For ungdomsskuleelevar. Sandane kyrkje måndagar kl. 19.30–21.30. Oppstart rundt skulestart til hausten.

VEREIDE SØNDAGSSKULE

For barn 0–12 år. Bygdehuset Haugtun på Vereide søndagar kl. 11.00–12.15. Datoar: 8. september, 29. september, 27. oktober, 10. november, 24. november, 8. desember. 27. desember: Julefest på Nordfjord folkehøgskule. På Facebook: Vereide søndagsskule

SANDANE SOUL CHILDREN

For alle mellom 10 og 16 år som er glade i å synge. Øving kvar torsdag på Sandane bedehus kl. 18.30–20.00. Kontakt: Emilie Brunstad, tlf. 406 37 032. På Facebook: Sandane Soul Children 2024

VEREIDE KYRKJEKOR

Øving kvar torsdag i Sandane kyrkje kl. 19.00–21.00. På Facebook: Vereide kyrkjekor

SAMTALE OM SØNDAGENS BIBELTEKST OG SALMESONG

Annankvar måndag kl. 10.00 i Sandane kyrkje. Olav Eikenæs og Harald Aske leier dei fleste samlingane. Samlingane vert annonserte i Firda Tidend og på heimesida.

VAFFEL-HJARTE-TID

26. september og 21. november kl. 13-15 i Sandane kyrkje. Eit sosialt treffpunkt med nysteikte vaflar, prat og eit par innslag. Ope for alle.

SORGGRUPPE

Tilbod til alle som har mista nærstående person. Påmelding fortløpande. Meir info på heimesida. Kontakt Ingebjørg diakon: Tlf. 966 18 048.

Følg også med på www.gloppen.kyrkja.no

GLOPPEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

Åsavegen 130, 6823 Sandane
57 86 56 16
post@gloppen.kyrkja.no

GLOPPEN SOKN

Leiar i soknerådet: Berit Aasebø Hauge
934 99 289
gloppen.sokn@gloppen.kyrkja.no

BREIM SOKN

Leiar i soknerådet: Aslak Johnsen,
905 39 237
breim.sokn@gloppen.kyrkja.no

HYEN SOKN

Leiar i soknerådet: Elias Eimhjellen
91 75 68 79
hyen.sokn@gloppen.kyrkja.no

Sokneprest i Gloppen sokn

Vidar Bjøteit, 958 80 030
vidar.bjotveit@gloppen.kyrkja.no
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor

Sokneprest i Breim og Hyen sokn

Tore Myklebust, 456 01 260
tore.myklebust@gloppen.kyrkja.no
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor

Kyrkjeverje

Audun Mundal, 911 77 823
audun.mundal@gloppen.kyrkja.no
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor

Administrasjonssekretær

Marianne Bakketun Fjellestad
402 80 027
mbf@gloppen.kyrkja.no
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor
Kontortid: tysdag - torsdag 9-15

Kantor

Dorothee Raschwitz
970 99 288
dorothee@gloppen.kyrkja.no

Organist

Janne Øisang Grinaker, 920 25 472
jannegrinaker@hotmail.com

Kyrkjelydspedagog

Simona Fraas Johnsen, 909 64 941
simona.johnsen@gloppen.kyrkja.no
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor

Diakon

Ingebjørg Isane Fure, 966 18 048
ingebjorg.fure@gloppen.kyrkja.no
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor

Kyrkjetenar

Benny Aasen, 950 22 917
bv-aasen@online.no

Gravar/ kyrkjegardsarbeidar

Olav Bjørn Tystad, 977 21 662
olav.tystad@gloppen.kyrkja.no



Vi møtest i kyrkja

Sjå Firda Tidend, heimeside og Facebook for utfyllande informasjon.

7. september	19.00	Vereide	Konsert Gloppen musikkfest. Mozart, Bach, m.m.
08. september 16. søndag i treeiningstida Matt 5,10–12	11.00	Sandane	Generasjonsgudsteneste. Soul Children syng. Takkoffer til flygelet i Sandane kyrkje. (NB! Kan bli flytta til Gimmestad kyrkje. Sjå heimeside/Firda Tidend og/eller arrangement på Facebook)
	11.00	Breim	Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane 2025. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.
15. september 17. søndag i treeiningstida Luk 7,11–17	11.00	Hyen	Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane 2025. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
	11.00	Sandane	Gudsteneste. Utdeling av bok til 4-åringane. Kickoff for barne- og ungdomstiltak. Takkoffer til trusopplæringa i Gloppen.
22. september 18. søndag i treeiningstida Matt 8,5–13	11.00	Breim	Familiegudsteneste. Utdeling av bok til 4-åringane.
	11.00	Vereide	Gudsteneste. Takkoffer til misjonsprosjektet Kyrkjeleg undervisning i Kina.
29. september Mikkelsmesse Luk 10,1–2	12.00	Gimmestad	Hentegudsteneste etter konfirmantleir. Konfirmantane deltek under gudstenesta, og familiane deira er særskilt inviterte. Takkoffer til Nesholmen.
5. oktober	18.00	Gimmestad	Konsert i høve konfirmantjubileum.
06. oktober 20. søndag i treeiningstida Mark 10,2–9	11.00	Breim	Gudsteneste med konfirmantjubileum. Nattverd.
	11.00	Vereide	Gudsteneste med konfirmantjubileum og hausttakkefest. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
13. oktober 21. søndag i treeiningstida Luk 16,19–31	11.00	Vereide	Gudsteneste med nattverd. Kyrkjekoret deltek. Takkoffer til Modum Bad.
19. oktober	18.00	Hyen	Konsert i samband med konfirmantjubileum.
20. oktober 22. søndag i treeiningstida Joh 12,35–36	11.00	Sandane	Gudsteneste med nattverd. Johnn Hardang er predikant. Takkoffer til TV-aksjonen.
	11.00	Hyen	Konfirmantjubileum. Takkoffer til Nesholmen.
	19.00	Breim	Tomasmesse med nattverd.
27. oktober Bots- og bededag Luk 18,9–14	11.00	Vereide	Generasjonsgudsteneste. Barnegospel syng. Takkoffer til Nordfjord folkehøgskule.
	19.30	Sandane	Felleskyrkjeleg bøn.
02.november Matt 5, 13-16	16.00	Gimmestad	Minnegudsteneste. Vi minnst dei døde i Gloppen sokn. Merk: gudstenesta er laurdag.
03.november Helgemessesundag Matt 5, 13-16	11.00	Hyen	Minnegudsteneste. Vi minnst dei døde i Hyen sokn.
	11.00	Vereide	Helgemessegudsteneste. Kyrkjekoret deltek. Takkoffer til Diakoniarbeidet.
	16.00	Breim	Breim
	18.00	Vereide	Konsert med Carl Petter Opsahl og Nordfjord prosjektkor med band: jazz og gospel frå New Orleans.

AOH stiftelsen

Aud og Olav Hjortesets alminnelige stiftelse

Gjennom Olav Hjorteset si tilknytning til Hyen ynsker stiftar Olav Hjorteset å støtte alle tiltak som kan vere til beste for bygda. Formålet for stiftinga er å gi økonomisk stønad til enkeltpersonar, organisasjonar, lag eller enkelttiltak som kan fremje busetnad, kultur og næringstiltak i Hyen; samt gje eit bidrag til menneske i området som gjennom fysiske funksjonsavgrensingar er komne i ein særleg vanskeleg økonomisk situasjon. Ved søknad eller spørsmål kan ein sende e-post til: arnfibre@online.no. I styret for stiftinga sit Ingebrigt Hjorteset, Egil Hjorteset og Arnfinn Brechan.

Oppstart

Sommarferien er over, og dei faste aktivitetane for barn og unge tek til att. Ingenting er betre enn at kyrkjeromma er fulle av liv! Velkomen tilbake til deg som har vore med før – og velkomen til deg som er heilt ny!

HEIME MED BABY? VELKOMEN PÅ BABYSONG!

- Leik og læring med song og regler, rim og rytme
- Sosialt for små og store
- For babyar frå ca. 1 md. – ca. 1 år med følge

Vi møtest i Sandane kyrkje annankvar onsdag i partalsveker. Dørene opnar klokka 11, og songstunda startar 11.15.

Vi et lunsj saman etterpå. Ta med niste – vi kokar kaffi og te.

ER DU 1, 2, 3 ELLER 4 ÅR? KOM PÅ SMÅBARNSTREFF!

Vi har samling ein tysdag kvar månad i Sandane kyrkje. Fyrste gong er 17. september.

- Samlingsstund med song, rim og rytme
- Leik og prat
- Felles fruktstund saman med Barnegospel

BLI MED OSS PÅ BARNEGOSPEL!

Er du mellom 4 og 10 år og glad i å synge, danse og ha det kjekt i lag med andre barn? Vi øver annankvar tys-

dag frå kl. 17 til 18 i Sandane kyrkje. Fyrste øvinga er 17. september. I løpet av hausten skal vi opptre på generasjonsgudsteneste og julemesse, og vi skal ha SUPERTYSDAGAR i lag med Småbarnstreff.

Til våren reiser vi på Barnefestivalen i Operahuset på Nordfjordeid, og så har vi siste åra blitt hyra inn til å synge på jonsokfeiringa på Myra. Masse moro, altså!

Alle er velkomne til dei ulike samlingane – uavhengig av kva ein trur på. Håpar vi ser DEG!!

Har du spørsmål? Kontakt Simona eller Marianne (kontaktinfo på forrige side).

Til hjelp i sorga sidan 1978



Vi er her når de treng oss som mest, og hjelper dykk å lage ei personleg, fin og verdig gravferd. Slik de ønskjer. De kan kontakte oss heile døgnet. Vi har teieplikt og kan møtast til samtale på eitt av våre kontor, eller heime hos dykk.

905 50 905 (døgnoopen vakttelefon)
post@hjelmeland.as
www.hjelmeland.as

Nordstrandsvegen 12, 6823 Sandane

Vi er i Nordfjord – for Nordfjord



På fotoet ser vi kunstverket «MENNESKE_VERD» av Aud Marit Skarrebo Holmen. Bokstavane har ho forma i sand direkte på golvet i Visningsrommet USF i Bergen, under utstillinga «Skriver seg inn» i juni 2024. Ein publikummar kom til å trakke på verket under opninga av utstillinga. Det gav ein ny inngong til tolkinga, og gjorde det meir synleg kor sårbart både verket og innhaldet i orda er.

I bakgrunn ser vi verket «URO», kor teksten hennar «å sitte stille imot sin vilje» er skoren inn i setet på barneskulestolen. Foto: Thor Brødreskift